



23.12.2022

Seim Skyttarlag

21.12.2022

Alver kommune
Svein Arne Vågane

Seim skyttarlag vil med dette klage på løyve til å bygge landbruksveg med vilkår på gbnr 178/2 Nystølen i Alver. Saknr: 21/9389

Klage:

Klager på eit vedtak som vil gje økt aktivitet inn i og gjennom skytefelta til Seim skyttarlag sin bane. Dette frå ein bakanforliggende eigedom som da vil få vegutløysning.

Forslag:

Forslag til endring er at vegen ikkje vert bygd slik som vedtaket viser, på grunn av økt aktivitet inn i tryggleiksona. Eventuelt bruke traséen som var i bruk fram til ca. 1970 talet.

Grunngjeving:

Rune Fanebust søker om å få bygge landbruksveg fram til tunet på Nystølen. Det er oppgjeve att Nystølen ikkje har vegtilkomst i dag. Slik som Rune Fanebust har søkt om må han knyte seg på en eksisterende skogsvei som går gjennom to skytefelter. Denne skogsveien vart bygd for skogsdrift og uttak av tømmer, og ikkje for anna bruk. Her er det tydelig att ny landbruksveg skal brukast til noko anna enn berre uttak av tømmer, dvs. endring av opprinnelig bruk av vegen som først vart bygd.

For å kunne nytte landbruksvegen fullt ut må gbnr 178/2 kjøre på ein skogsbilvei som Seim skyttarlag har bygd frå riksveg 57 i Kjekaldalen. Seim skyttarlag eig eit område på ca. 6 mål som den vegen blandt anna går over. Vegen som Rune Fanebust vil knytte seg til går inn i og gjennom to skytefelt som Seim skyttarlag bruker i Kjekaldalen. Også FORSVARET bruker denne skytebana, seinast i 2022 var bana i bruk av HV i fleire veker då dei hadde øvelser der og vakt på Equinor sitt anlegg på Mongstad. All ferdsel i området var då forbudt.

Interesser for vegen er gjeve opp slik: 50% skog, 20% jordbruk og 30% privat hytte. Etter synfaring legger Alver kommune, landbruk grunn at skog interessene er noko lågare og interessene i høve til privat hytte er noko høgare enn det Rune Fanebust har oppgjeve.

Her er det snakk om vegutløsing til Nystølen, og att denne går inn i og gjennom Skytefeltet til Seim skyttarlag. Denne veg vil kunne medføra mykje større trafikk i området.



Seim Skyttarlag

21.12.2022

Skyttarlaget viser og til **uttalelse** frå Alver kommune Kultur: Slik kommunen ser det er det ikkje lett å sjå føre seg utbedring av veg til privat tomt i **TRYGGLEIKSONA til skytebana**. Dette då det vil føre til utfordringar i høve tryggleiken, og slik kunne påvirka aktiviteten ved anlegget.

Det frivillige skyttervesen ved DFS sin advokat. Peiker på att Seim skyttarlag har opparbeid vegen Fanebust må nytte for å kome frå fv57 og forbi skytefeltet. Vegen er å sjå på som skyttarlaget si eigedom, sjølv om den går over grunneigarar sin eigedom. Vegen går rett gjennom **tryggleiksona til skytefeltet**. Ei utviding av bruken av vegen til å gjelde kjøring til bakanforliggjande privat eigedom vil heilt klårt **gje store utfordringar i høve tryggleiken** i område og kan vanskeleg gå i hop med drift av skytebana.

Seim skyttarlag viser og til skriv frå POLITIET ved Politistasjonssjef Kjell-Idar Vangberg og saksbehandlar Politioverbetjent Kurt Inge Hordvik. Politiet vil **fraråde** at en slik tilkomst går gjennom skytefeltet, som beskrevet i vedtaket. Sjå vedlegg Politiet datert 19.12.2022.

Seim skyttarlag vil **IKKJE** gje løye til økt aktivitet inn i og gjennom skytefeltet til bana frå ein bakanforliggjande eigedom som vil ha vegutløysing til sin eigedom.

Klagar derfor på vedtaket.

MVH

A handwritten signature in blue ink that reads "Jan Ole Seim".

Seim Skyttarlag - Formann
Jan Ole Seim